



Os 11.september 2018

Mandat for brukar- og pårørandeutvalet ved Luranetunet bu- og behandlingssenter

Oppgåva til utvalet er å ivareta brukarmedverknad på systemnivå. Det skal vera eit rådgivande organ for leiinga og utvalet skal bidra i planlegging av velferds- og trivselstiltak.

Målet er at Luranetunet skal vera ein best mogeleg plass å bu og opphalda seg på

Reglar for oppnemning

Utvalet skal oppnemnast for 2 år om gangen

Det skal lagast ein møteplan med 4 møter i året

Det skal vera mogeleg å trekka seg frå utvalet før toårsperioden er over

Reglar for innkalling, saksliste og referat

Det skal vera skriftleg innkalling til kvart møte som vert sendt ut minimum 14 dagar på førehand

Det skal skrivast referat frå møta

Referat frå møta skal gjerast kjendt i alle avdelingar ved Luranetunet

Representant for eldrerådet sender referat vidare til dei andre medlemene frå eldrerådet

Utvalet si samansetnad og konstituering

- 2 Representantar frå brukarane + 1 vara
- 2 Representant frå pårørande + 1 vara
- 1 Representant frå eldrerådet + 1 vara
- 1 Representantfrå aktivitets- eller frivilligheitsleiar + 1 vara
- 1 Representant frå dei tilsette + 1 vara
- 2 Representantar frå leiinga

Utvalet konstituerer seg sjølv. Leiar bør vera anten brukar, pårørande eller representant frå interesseorganisasjon. Leiinga ved Luranetunet utgjer sekretariatet.

Alle medlemmane skal skrive under på skjema for teieplikt

Det skal finnast ein oversikt over medlemmer med kontaktinformasjon lett tilgjengeleg for bebuarar og pårørande

Møtene

Møtene skal ha respektfull dialog om Luranetunet og situasjonen til dei som bur eller oppheld seg der.

Det skal vera ein open dialog omkring drift, utfordringar og resultat. Møtene bør vare om lag ein time og kan haldast når halvparten av medlemmane er tilstades.

Enkeltpersonar skal ikkje drøftast.

Leiinga presenterer sentrale aspekt ved drift som til dømes aktivitetsplanar, erfaringar, nærvær, avvik, budsjett, brukarundersøkingar og sentrale endringar.